



SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	06.11.2018	075/18
Kommunestyret	11.12.2018	111/18

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr
Rune Lid	N - 101.6	18/2166 -

Økonomiplan 2019 - 2022 - Budsjett 2019

Samandrag av saka:

Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret om økonomiplan og budsjett.

Formannskapet sitt budsjettframlegg skal leggjast ut til off. ettersyn i minst 2 veker før det vert vedteke av kommunestyret på budsjettmøtet den 11. desember 2018.

Saksutgreiing:

Rådmannen viser til utsende budsjettdokument til formannskapet den 23.10.18 og presentasjon av budsjettframlegget.

Som nye dokument følger:

- budsjettframlegg frå Sund Eigedomsutvikling KF m/vedlegg, handsama av styret på møte 22.10.18.
- budsjettframlegg frå Sund kyrkjelege fellesråd
- budsjettframlegg frå styret i Øygarden brann og redning.

06.11.2018 Formannskapet:

Rådmannen hadde framlegg om følgjande endring vedk. startlån til vidare utlån:
Ramma vert auka frå MNOK 10 til MNOK 20.

Kommunalsjef Jon Erik Egeland orienterte om innsparingstiltak på drift, 0,5 mill. som er lagt på Skogsvåg skule. Innsparinga er knytt til mellombels overføring av elevar frå Skogsvåg skule som skal gå på Spildepollen skule til Glesnes og Telavåg frå august 2019 og fram til den nye skulen står ferdig i november. Formannskapet ønskjer ikkje at elevane skal byte skule fleire gongar på ein haust. Formannskapet vil at elevane skal gå på Skogsvåg skule fram til flytting til Spildepollen skule, difor vert driftstiltak 1903 gitt som eit generelt innsparingskrav i skulesektoren i 2019. Full effekt for innsparing for nedlegging av Telavåg og Glesnes skular samt flytting frå Skogsvåg vert då først

gjeldande frå 2020.

Ordførar opplyste at det har vore møte med nabokommunane om rehabiliteringstilbodet på Lokalmedisinsk senter (LMS) på Straume.

Ordførar la fram følgjande **fellesframlegg til endringar budsjett og økonomiplan 2019 - 2022:**

Driftstiltak nr 1903 skal gjennomførast, men skal endrast til eit generelt innsparingskrav på skule i 2019. Frå 2020 skal dette driftstiltaket av innsparingsverdi på 1 000 000,-

Ansvar 360 går ut: 66 000,- i driftskostnader Pollen skule heile økonomiplanperioden

Investeringsiltak 57 Toftavika fiskerihamn går ut av driftsbudsjettet. Før avtale om kjøp føreligg, skal avtale om vidareasal føreligge, slik at det i praksis ikkje blir noko utgift for Sund kommune.

Investeringsiltak nr 42 Spildepollen barnehage går ut av driftsbudsjettet i 2019 og får verknad først frå 2020. Kostnadene som låg inne for 2019 vert då plussa på det som ligg inne i 2020.

Nytt driftstiltak for nye Spildepollen barnehage med innsparing på barnehagedrifta på 280 000,- i 2020 og 1 000 000,- i 2021 og 2022.

Investeringsiltak nr 59 Lagerbygg i Porsvika går ut av driftsbudsjettet. Før vedtak om investering, skal det føreligge leigeavtalar som sikrar inntekter på bygget som dekkar kostnadene med investering.

Driftstiltak 1910 Dag- og døgnrehabilitering LMS skal gjennomførast med verdi 1,6 MNOK i 2019 og verdi 2,0 MNOK i 2020, 2021 og 2022. Dette vert delvis finansiert av utbetalingane frå Havbruksfondet (sjå tilleggsforklaring under).

Investeringsiltak 9, endring: Turveg rundt Skogsvatnet: I samband med arbeidet med kommunedelplanen for Skogsskiftet skal det i 2019 planleggjast ein turveg rundt Skogsvatnet. Det må utarbeidast ein kostnadsoversikt slik at turvegen kan realiserast i 2020.

Investeringsiltak 60: Turveg rundt Skogsvatnet, universell utforming

Det er rekna med investeringskostnader på MNOK 3,3 i 2020. Finansieringsbehov er MNOK 2,64 som blir dekkja ved opptak av lån. Tiltaket vil utløyse MNOK 0,875 i spelemidlar, men er ikkje tatt omsyn til i finansieringsbehovet.

Frå 2020: Renter: 66 000 Avdrag: 66000

Tilleggsforklaring:

Økonomirapporten for 3. kvartal viser at 6,3 MNOK av midlane frå Havbruksfondet 2018 er udisponert. Det skal gjerast følgjande disponeringar:

I 2019: Kontingent NFKK 2019: 0,11 MNOK

I 2018: Studie havrom: 0,2 MNOK (resterande beløp for studien er tatt frå havbruksfondet 2017)

I 2019: Gründerpark: 0,5 MNOK

I 2019: Rehab LMS: 0,8 MNOK

I 2020: Rehab LMS: 1,1 MNOK

I 2021: Rehab LMS: 0,3 MNOK

I 2022: Rehab LMS: 0,3 MNOK

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til auke av ramma for startlån vart vedteke samrøystes

Ordføraren sitt framlegg til endringar i budsjett og økonomiplan vart vedteke samrøystes.

Resten av budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 vert vedteke i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Dei vedtekne endringane vert innarbeidd i formannskapet sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.

F- 075/18 Vedtak:

Framlegg frå formannskapet (samr.):

1. Kommunestyret vedtek budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 slik det framgår av

vedlagde dokument med formannskapet sine endringsframlegg.
Driftsbudsjettet balanserer med driftsinntekter 529 059 522 kr., driftsutgifter (eks. avskrivningar) 508 516 958 kr., netto finansutgifter 21 359 870 kr., netto fondstransaksjonar - 817 306 kr. og rekneskapsmessig mindreforbruk 1 436 610 kr.

2. Kommunestyret vedtek investeringstiltaka slik dei framgår av rådmannen sitt framlegg med formannskapet sine endringar. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett for 2019. Før investeringstiltaka vert sette i gang, skal kommunestyret godkjenna endeleg prosjektplan for dei einsskilde prosjekt.
3. Ved utskriving av kommuneskatt for 2019 vert høgaste lovlege satsar på inntekt og eiga lagt til grunn.
4. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3, første ledd bokstav a.
Ved utskriving av eigedomsskatt for 2019 vert skattesatsen fastsett til 2 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, 1. ledd.
Retningsliner for utlikning av eigedomsskatt i Sund kommune, vedtekne av kommunestyret 11.02.2008, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jf. eigedomsskattelova § 10.
Skattetakstane frå og med 2008 vert vidareført som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for 2019, jf. eigedomsskattelova § 8A-4.
Eigedomsskatten vert, som tidlegare, utskriven i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd.
5. Kommunale avgifter, gebyr og eigenbetalingar vert justert med inntil 2,6 % frå 01. januar 2019 i samsvar med statlege føringar for løns- og prisstigning. Dette gjeld og foreldrebetaling i SFO. Foreldrebetaling i barnehage vert justert i samsvar med gjeldande makspris frå 01. januar 2019. Eigenbetaling for omsorgstenester vert regulert i samsvar med statlege føringar og G-regulering. Gebyrsatsar for vatn/avlau/slamtømming og renovasjon vert fastsett i eigne kommunestyrevedtak.
6. Kommunestyret vedtek å ta opp startlån i Husbanken for vidare utlån med inntil 20 mill. kr. i 2019. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkår.
7. Kommunestyret vedtek at Sund kommune tek imot 10 flyktningar i 2019.
8. Vidareføring av stillingsstopp for 2019. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebuande organ.
9. Rådmannen skal rapportere jamleg til administrasjonsutvalet om status på årsverk i kommunen.

11.12.2018 Kommunestyret:

Ordføraren orienterte om budsjettprosessen i formannskapet. Ho orienterte og om endringar i reglane om eigedomsskatt, som medfører at ordlyden i pkt. 4 i formannskapet sitt framlegg må endrast. Endringane vil ikkje medføre talmessige endringar i budsjett 2019. **Framlegg til ny tekst i pkt. 4:**

For eideomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eideomsskatt i heile kommunen, jf. eideomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.

Kommunen vil i 2019 skrive ut eideomsskatt på "et særskilt fastsatt grunnlag" etter overgangsregelen til eideomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og -installasjonar blir fasa ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er næringseideom. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eideomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som kjem av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Ved utskriving av eideomsskatt for 2019 vert skattesatsen fastsett til 2 promille, jf. eideomsskattelova § 11, 1. ledd.

Retningsliner for utlikning av eideomsskatt i Sund kommune, vedtekne av kommunestyret 11.02.2008, skal gjelde for eideomsskatteåret 2019, jf. eideomsskattelova § 10.

Skattetakstane frå 2008 vert vidareført som grunnlag for utskriving av eideomsskatt for 2019, jf. eideomsskattelova § 8-4A. Dette gjeld ikkje for eideomar som tidlegare var rekna som "verk og bruk", for desse eideomane vert det fastsett eit særskilt grunnlag, jf. overgangsregelen til eideomsskattelova §§ 3 og 4.

Eideomsskatten vert utskriven i 2 terminar, jf. eideomsskattelova § 25, 1. ledd.

Framlegg frå ordføraren om nytt pkt. 10:

Innarbeiding av tal som følgje av sak K-109/18 Utkjøp av Sundheimen må innarbeidast i budsjettet i etterkant. Kommunestyret får tilbake ei orienteringssak med oppdaterte tal i februararmøtet 2019.

Framlegg frå Høgre v/Jørgen Kausland om nytt tekstpunkt 11:

Kommunestyret ber om sak på auke av sosialsatsar tilsvarande den auken barnetrygda får nasjonalt. Ein ynskjer at auken i barnetrygda skal komme barnefamiliane til gode.

Framlegg frå SV v/Mette Jacobsen:

Barnetrygda er eit universelt gode som ikkje skal reknast som inntekt.

Røysting:

Ordføraren skisserte røystemåte, som vart godkjent.

1. røysting: Alternativ røysting over Høgre sitt framlegg om nytt tekstpunkt 11 og SV sitt framlegg: Høgre sitt framlegg 18 røyster, SV sitt framlegg 3 røyster.
2. røysting: Ordføraren sitt framlegg om nytt pkt. 10: Vedteke samrøystes
3. røysting: Endringsframlegg til pkt. 4 i formannskapet sitt framlegg: Vedteke samrøystes.
4. røysting: Pkt. 1 - 3 og pkt. 5 - 9 i formannskapet sitt framlegg: Vedtekne samrøystes.

K- 111/18 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 slik det framgår av vedlagde dokument med formannskapet sine endringsframlegg.
Driftsbudsjettet balanserer med driftsinntekter 529 059 522 kr., driftsutgifter (eks. avskrivingar) 508 516 958 kr., netto finansutgifter 21 359 870 kr., netto fondstransaksjonar - 817 306 kr. og rekneskapsmessig mindreforbruk 1 436 610 kr.
2. Kommunestyret vedtek investeringstiltaka slik dei framgår av rådmannen sitt framlegg med formannskapet sine endringar. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett for 2019. Før investeringstiltaka vert sette i gang, skal

kommunestyret godkjenna endeleg prosjektplan for dei einskilde prosjekt.

3. Ved utskriving av kommuneskatt for 2019 vert høgaste lovlege satsar på inntekt og eiga lagt til grunn.

4. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.

Kommunen vil i 2019 skrive ut eigedomsskatt på "et særskilt fastsatt grunnlag" etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og -installasjonar blir fasa ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som kjem av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Ved utskriving av eigedomsskatt for 2019 vert skattesatsen fastsett til 2 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, 1. ledd.

Retningsliner for utlikning av eigedomsskatt i Sund kommune, vedtekne av kommunestyret 11.02.2008, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jf. eigedomsskattelova § 10.

Skattetakstane frå 2008 vert vidareført som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for 2019, jf. eigedomsskattelova § 8-4A. Dette gjeld ikkje for eigedomar som tidlegare var rekna som "verk og bruk", for desse eigedomane vert det fastsett eit særskilt grunnlag, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4.

Eigedomsskatten vert utskriven i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd.

5. Kommunale avgifter, gebyr og eigenbetalingar vert justert med inntil 2,6 % frå 01. januar 2019 i samsvar med statlege føringar for løns- og prisstigning. Dette gjeld og foreldrebetaling i SFO. Foreldrebetaling i barnehage vert justert i samsvar med gjeldande makspris frå 01. januar 2019. Eigenbetaling for omsorgstenester vert regulert i samsvar med statlege føringar og G-regulering. Gebyrsatsar for vatn/avløp/slamtømming og renovasjon vert fastsett i egne kommunestyrevedtak.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp startlån i Husbanken for vidare utlån med inntil 20 mill. kr. i 2019. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkår.

7. Kommunestyret vedtek at Sund kommune tek imot 10 flyktningar i 2019.

8. Vidareføring av stillingsstopp for 2019. All volumauke skal godkjennast av kommunestyret i samsvar med delegasjonsreglementet. Formannskapet vert førebuande organ.

9. Rådmannen skal rapportere jamleg til administrasjonsutvalet om status på årsverk i kommunen.

10. Innarbeiding av tal som følgje av sak K-109/18 Utkjøp av Sundheimen må innarbeidast i budsjettet i etterkant. Kommunestyret får tilbake ei orienteringssak med oppdaterte tal i februar møtet 2019.

11. Kommunestyret ber om sak på auke av sosialsatsar tilsvarande den auken barnetrygda får nasjonalt. Ein ynskjer at auken i barnetrygda skal komme barnefamiliane til gode.

